




Fiberskap for tilkopling av abonnentar på Musland

Internett var lenge eit problem for dei som budde øvst i Uskedalen. Løysninga dei hadde var så dårleg og ustabil at dei rett og slett ikkje vart tent med den. Like over nyttår tok saka ei ny vending. Eit møte med ordførar Peder Sjo Slettebø sette fart på saka, og i dag vart dei tre første husstandane kopla til nettet til Kvinnherad Breiband.



Breibandutstyr inne.

Det er ein storfornøgd medlem i arbeidsgruppa, Tore Mathiesen, som fortel om storhendinga.

- Dette er ei ny nettverd for oss. Eg målte hastigheten, og den var 12-13 gonger raskare enn den gamle var då den fungerte. No har vi fått eit nett som er tenleg både for næringsdrivande, studentar og skuleelevar, og privatpersonar, fortel ein glad Tore Mathiesen.

Han fortel at når det først byrja å skje noko ved nyttårstider, så har det vorte realisert fort. Han uttrykkjer seg svært så rosande om samarbeidet med ordførar Peder Sjo Slettebø, rådmann Odd Ivar Øvregård, Kvinnherad Breiband og Hans Martin Hjelmeland i Kvinnherad Energi. Dei skal alle ha sin del av æra for at dei no er i mål med ei god løysing.

Etter det Mathiesen kjenner til, er det 12 kundar som har bestilt nett inkludert dei tre som no er kopia til. No håpar og trur han oppkoplinga hos dei resterande går raskt og fortløpande.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Tore Mathiesen